



Time kommune  
Postboks 38  
4349 Bryne

Kontakt saksbehandlar

Trond Olav Fiskå, tlf. 51 56 88 69

## Fråsegn – høyring av planprogram for Time kommuneplan (2018-2030) - arealdelen, fase 2.

Vi viser til brev datert 1.4.20 der forslag til planprogram til kommuneplanens arealdel, fase 2, blei sendt ut på høyring.

**Etablering av kraftkrevjande næringsverksemd, slik det er omtalt i planprogrammet, krev svært mykje areal og slike lokaliseringar bør derfor vurderast meir overordna ut frå eit nasjonalt og regionalt perspektiv. Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknadar til dei føreslegne utgreiingstema i planprogrammet. Vi vil samstundes varsle at etablering av store næringsareal i det aktuelle området vil komme i konflikt med nasjonale og viktige regionale omsyn knytt til natur, landbruk, jordvern.**

Vi vil innleiingsvis vise til at representantar frå Fylkesmannen har vore i fleire møte med kommunen i tilknytning til planane om datalagringssenter ved Kalberg. Vi har der særleg peika på at det er klare konflikhtar knytt til desse planane av omsyn til natur- og jordvern. Vi har også stilt spørsmål til forhold rundt kraftforsyninga, dette med utgangspunkt i at Fagrafjell trafostasjon i første fase blei presentert som eit viktig knutepunkt for å sikre stabilitet og kapasitet ut frå eksisterande og framtidig kraftbehov i regionen. Vi har elles framheva at det er andre lokalitetar i regionen med langt lågare konfliktnivå knytt til våre sektorinteresser og vi har særleg peika på Gismarvik i Tysvær som eit stort og planavklart alternativ. Vi viser elles til det som kjem fram av referat frå møta med kommunen.

### Lovgrunnlag

Krav til planprogram er forankra i plan- og bygningslova § 4-1 som lyder slik:

*«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan ha vesentlege virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.*

*Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til*



*offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.*

*Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.»*

*Dersom planen får vesentlige miljøvirkninger i en annen stat, skal planmyndigheten sende forslag til program for planarbeidet til berørte myndigheter i denne staten til uttalelse.»*

### **Fylkesmannens vurdering**

Planen er omfatta av krav om konsekvensutgreiing og planprogrammet skal derfor også gjere greie for opplegg for vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn. Vi er kjent med at det nyleg er lagt fram ei konsekvensutgreiing knytt til etablering av datalagringscenter og vi legg til grunn at denne vil følge oversending av planframlegg. Planprogrammet skal også gi grunnlag for å ivareta nasjonale og regionale interesser i den kommande planlegginga.

Regjeringa har som mål at Norge skal vere ein attraktiv nasjon for datasenter og anna databasert næringsliv. Nærings- og fiskeridepartementet har laga strategien «Norge som datasenternasjon» for å bidra til å legge til rette for dette. Kommunen viser til ulike samfunnsinteresser som talar for satsing på kraftkrevjande næringsverksemd. Det blir mellom anna vist til auka sysselsetting. Vi har registrert ulike synspunkt knytt til sysselsettingseffekt av slik verksemd. Vi vil oppfordre kommunen til å undersøke nærare, om det er grunnlag for så stor sysselsettingseffekt ved drift av slike anlegg. Arealplanlegginga etter plan- og bygningslova må gjerast ut frå eit langsiktig perspektiv. Med bakgrunn i våre sektorinteresser har vi elles følgjande merknadar til det oversendte forslaget:

#### Samfunnstryggleik

Kraftsystemutgreiinga er ei analyse av framtidig kraftbehov i regionen som Lyse Elnett utarbeider anna kvart år på oppdrag frå NVE, det er viktig at etablering av areal for kraftkrevjande industri i Time inngår i denne. Vi kan ikkje sjå at kraftkrevjande industri av eit slik omfang som no blir planlagt, ligg inne i eksisterande kraftsystemutgreiing. Vi er kjent med at Rogaland fylkeskommune har peikt ut 14 ulike areal som har potensiale for kraftkrevjande industri og at det ligg føre tilsvarende planar andre stader i landet. Fylkesmannen vil peike på at etablering av slik næringsverksemd vil ta av overskotet til den totale kraftproduksjonen i landet. Realisering av alle potensielle prosjekter er ikkje mogleg og det er derfor viktig at det blir gjort ei meir overordna prioritering, på nasjonalt nivå, knytt til kor det ligg best til rette for slik industri.

Sjølv om Statnett planlegg å auke kapasiteten på transmisionsnettet frå 300 til 420 KV inn til Fagrafjell og i tillegg bygg ny line frå Lysebotn, betyr ikkje det at den totale kraftproduksjonen i landet blir større. Dersom ny industri tar den auka kapasitet på linjene, vil det gi negative konsekvensar for forsyningssituasjonen i fylket totalt sett. Dette er forhold som vi har tatt opp i møte med kommunen og som må utgreiast nærare i planarbeidet.

#### Landbruk, jordvern og naturvern

Jordvern er ei viktig interesse i arealplanlegginga og vi viser til skjerpa nasjonale og regionale føringar. Nye næringsareal for etablering av kraftkrevjande næringsverksemd inneber nedbygging av store samanhengande landbruksareal med dyrka jord og beite i det aktuelle området, det er også knytt store naturverdiar til delar av området. Vi viser til forslag til naturreservata Frøyland og Kvitemyr (sør for Fjermestadvegen), viktige naturbeitemarker, nær trua plante- og fuglearter og



bekker i tilknytning til Orreelva som er eit verna vassdrag. Sjølv om kommunen i første omgang skulle gå for ei meir avgrensa utbygging, vil slike næringsetableringar truleg ha ein strukturande effekt med forventningar knytt til vidare utbygging/utviding i framtida. Slike lokaliseringar bør derfor vurderast meir overordna, helst på nasjonalt nivå, også for å sikre gode alternativvurderingar ved vurdering av nedbygging av landbruksjord. Kommunen har presisert at det ikkje vil bli omdisponert areal dersom grunneigar ikkje ønskjer dette. Vi kan forstå at dette er eit moment, men vil samstundes peike på at langsiktig planlegging av så store næringsetableringar i liten grad bør styrast ut frå kven som har opsjonar eller ønskjer å selje.

Fylkesmannen støttar opp under fastsetting av langsiktig grense landbruk ved Lyefjell og Kvernaland. Kartfesting av langsiktig grense landbruk ved tettstadane er også framheva som eit prioritert tiltak i Regional jordvernstrategi. Endring av langsiktig grense landbruk i Tangen-området på Bryne vurderer vi også som ei naturleg oppfølging av dei endringane som allereie har blitt gjort i kommuneplanen. Kommunen bør også vurdere om det er tenleg å justere langsiktig grense ytterlegare i Tangen-område til fordel for landbruket.

Planen skal også vise framtidig trasé for omkøyringsveg frå Kvernaland til Foss-Eikeland. Jord- og naturverdiane i området må også vektleggast i vurderingane av trasé-alternativ. Ved planlegging av infrastrukturen må det også bli tatt omsyn til nullvekstmålet, i det ligg mellom anna utgreiing av alternativ til bilkøyering, vektlegging av høgverdig kollektivakse mm.

#### Energi og miljø

Planprogrammet tar opp viktige tema knytt til energi som må vurderast nærare i planprosessen.

Planprosessen må også ivareta viktige omsyn til klimatilpassing. Forhold som vass-balanse og vatn som ressurs er også forhold som bør utgreiast nærare og dette er særleg viktig i arealsaker som gjeld utbygging av store areal. Kommunen må også sikre at relevante føringar innafor energi og klima blir lagt til grunn for det vidare planarbeidet. Vi vil særleg peike på at regjeringas og EU sine mål for energieffektivitet blir innarbeidd som eit premiss for planlegginga i sjølve energidelen/energiutgreiinga. Vi viser også til Klimakur 2030 med vurdering av ulike tiltak og verkemiddel for reduksjon av utslepp, konklusjonane frå denne rapporten må vektleggast i samband med planlegginga.

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
fylkesmann

Marit Sundsvik Bendixen  
fungerande fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger